

Nøyaktige målingar syner at det var høgare vasstand både i 1994 og 2015.

13.02.2020



Strekane syner nøyaktig vasstand i Korsneset i Uskedalen.

**Nøyaktige målingar i Uskedalen syner at det var høgare vasstand både i 1994 og i 2015. Torgeir Øye har målt høg vasstand sidan 1990, tilsaman 12 registreringar. Det vert gjort i naustet hans i Korsnes. Alle målingane er streka av inne på naustdørkarmen. Registreringane syner at det var 1,5 cm høgare flo 5. desember 1994 og 3,5 cm høgare 10. januar 2015.**

Torgeir Øye kjem frå Snilstveitøy og har budd i Uskedalen i mange år. Han har vakse opp med båt og sjø og truleg meir enn mange interesse for veret, lufttrykk og vasstand. Ved varsel om høg flo, går han i naustet og registrerer nøyaktig kva tid vatnet er på det høgaste. Han set ein strek på dørkarmen, 1 meter over sjølogg/vassflata ( for å finna ein turr plass på treverket ) og skriv dato og årstal.

Rekorden i Bergen frå 27. februar 1990 står ved lag, men i Uskedalen vart det målt flo over det som var i Bergen den gong. Den siste målinga er som sagt vasstanden etter ekstremveret Elsa. Uveret 15. januar i år vart kalla Didrik, som igjen synte målingar langt under Elsa.



[Ekstremveret Elsa førte til høg vasstand i båthamna i Uskedalen.](#)

Torgeir er også nøyen på å få med seg om det er pålandsvind og om det er drag i sjøen. Alt dette kan ha noko å sei for vasshøgda.

Meterologane skil mellom stormflo og springflo. Stormflo skjer når pålandsvinden pressar på og samlar store vassmengder langs kysten. Springflo skjer når vi har jord, sol og måne på line. Ved Elsa fekk vi begge desse hendingane på same tid.

Redaksjonen er takksam for tilbakemeldingar. Vi er merksame på at andre har registrert den siste floa som rekord. Det kan ein sei med bakgrunn i faste merke, punkt eller installasjonar i nausta. Kommunen sine målingar med GPS på Skålakaien syner at det var rekord. Det kan vera lokale variasjonar, men det er sjeldan. Ei måling for nokre år sidan i Toftevåg og i Rosendal synte same resultat, nøyaktig på same tid.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arvid Hjelmeland/Kristian Bringedal



Registreringane på dørkarmen syner tilsaman 12 målingar.